



Arkiv: 2011/18
Saksmappe: Astrid Namtvedt Sylta
Sakshandsamar: 05.01.2011
Dato:

Utvalssak nr.	Utval	Møtedato
10/11	Levekårsutvalet	18.01.2011

HØYRING – NOU 2010:8 *Med forskertrang og lekelyst.* Innstilling frå utvalet som har sett på pedagogisk tilbod til førskulebarn

Saksdokument vedlagt:

Saksdokument ikkje vedlagt:

NOU 2010:8 Med forskertrang og lekelyst

Saksutgreiing:

Saka skal avgjerast endeleg i levekårsutvalet

På bakgrunn av St.meld. nr.41 sette regjeringa i 2009 ned eit utval som skulle vurdere pedagogisk tilbod til alle førskulebarn. Utvalet sitt mandat byggjer på forskning som viser at *"et godt pedagogisk tilbud i førskolealder er viktig for utviklingen av grunnleggende ferdigheter og for å lykkes vidare i skolen og samfunnet"* (NOU 2010:8 : 11).

Kort samandrag av NOU 2010:8

Utvalet blei leia av Loveleen Rihel Brenna (Brennautvalet) og kom med si innstilling 1.oktober 2010. Utvalet har hatt eit omfattande mandat og fremma ei rekke forslag når det gjeld innhald og organisering av eit pedagogisk tilbod til barn før skulestart. Tiltådingane er knytt til ulike hovudområde. Det første handlar om utvalet si hovudoppgåve og kjernen i mandatet – å sikre at alle førskulebarn får ta del i eit systematisk pedagogisk tilbod. Utvalet foreslår fortsett frivillig barnehagetilbod, men 20 timer gratis barnehage for alle barn i aldersgruppa 3-5 år innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Eit anna hovudområde er knytt til tydeleggjering av kva som ligg i *"systematisk pedagogisk tilbod"*. Det vert peika på kor viktig det er at det heilskaplege læringssynet som barnehagane i dag bygger på, vert vidareført, men at kravet om progresjon i barns læring og utvikling må bli tydelegare. I tillegg til mål for fagområda må det setjast mål for arbeidet med lek, omsorg og sosial kompetanse, likt fokus på formelle og uformelle læringssituasjonar og barn med særlege behov må følgjast opp systematisk. Kompetansekrav blir vidare peika på som eit viktig område. Utvalet tiltår at 50% av personalet i barnehagen må ha førskulelærarutdanning. Det må og vurderast faglege minimumskrav hjå assistentar, og tydelege krav om barnehagefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen. Utvalet kjem også med ein del tiltådingar når det gjeld tverrfagleg samarbeid, samarbeid med foreldre, overgangen frå barnehage til skule og styring av sektoren.

Utredninga ligg på: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/nouer/2010/nou-2010-8.html?id=616123>

Departementet inviterer til høyring, høyringsfrist 31.januar 2011.

Vurdering

Rapporten frå Brennautvalet er interessant lesnad. Dette er eit fagleg dokument som femnar heile barnehagesektoren. Rapporten viser utviklinga i barnehagesektoren frå den første barnehagelova kom i 1975 og fram til i dag. Det som særleg pregar rapporten er at den er ambisiøs på barnehagen sine vegne. Gjennom heile rapporten vert god kvalitet vektlagt, på alle nivå.

Det er særleg nokre punkt rådmannen ønskjer å kommentere. Utvalet foreslår at *minst 50 % av dei tilsette i barnehagen må ha førskulelærarutdanning eller anna tilsvarande utdanning. Utvalet rår og til at det vert vurdert å innføre eit minimumskrav til formelle kvalifikasjonar hjå assistentar i barnehagen.* Vidare foreslår utvalet *20 timar gratis barnehage i veka for alle barn i alderen 3 – 5 år.* Ved at utvalet vektlegg dette så sterkt er det eit tydeleg signal om at barnehage vert sett på som viktig for barn. Alle barn må få tilbod om plass, og dei skal verte møtt av eit godt kvalifisert personale.

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

Lindås kommune vil gje ein generell kommentar til høyringa der ein gjev uttrykk for at dette er eit godt fagleg dokument som er ambisiøst på barnehagen sine vegne.

Lindås kommune vil særleg støtte desse punkta:

- Minst 50 % av dei tilsette i barnehagen må ha førskulelærarutdanning eller anna tilsvarande utdanning.
- Minimumskrav til formelle kvalifikasjonar hjå assistentar i barnehagen.
- 20 timar gratis barnehage i veka for alle barn i alderen 3 – 5 år.

Handsaming i Levekårsutvalet - 18.01.2011

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet - 18.01.2011

Rådmannen sitt framlegg er vedteke.

